

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Eirik Bouwer Utne	FA - C00	16/905

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
23/2016	Ungdomsrådet	PS	07.04.2016

## Kulturmidlar 2016 - uttale frå Meland Ungdomsråd

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Dei ålmenne kulturmidlane i Meland kommune skal opp til handsaming for 2016, unntatt tilskota til idrett. Kulturmidlane har vore lyst ut i Strilen, kommunen sine Facebook- og heimesider og Oppslagstavla for Meland på Facebook. I tillegg vart informasjon sendt til lag i kommunen via e-post.

Det er komne inn 75 søknadar fordelt slik:

<b>Kategori</b>	<b><u>2016</u></b>	<b><u>2015</u></b>	<b><u>2014</u></b>	<b><u>2013</u></b>	<b><u>2012</u></b>
Andre lag	<b>19</b>	18	16	10	14
Barne- og ungdomsarbeid	<b>15</b>	12	13	12	12
Forsamlingshus	<b>8</b>	8	8	3	3
Friluftsliv	<b>3</b>	2	2	-	-
Idrett	<b>10</b>	8	9	7	7
Kulturminnevern	<b>6</b>	8	2	2	3
Leikeplassar	<b>4</b>	4	3	2	3
Song og musikk	<b>10</b>	10	10	6	9
<b>Total</b>	<b><u>75</u></b>	<b><u>70</u></b>	<b><u>63</u></b>	<b><u>42</u></b>	<b><u>51</u></b>

Ein legg opp til ei deling av handsaminga av kulturmidlane for 2016, der kulturmidlar til idrett og tilskot til drift av idrettsanlegg vert handsama i juni. Bakgrunnen er at idrettsregistreringa først er i hende den 30. april.

Etter retningslinene for kulturmidlar i Meland kommune skal «...tilskot til ålmenne kulturføremål...vere med å stimulere til positive kultur-, idretts- og friluftslivsaktivitetar.» Det er eit generelt vilkår at «Meland Ungdomsråd er høyringsorgan for tildeling av dei ålmenne kulturmidlane.»

**Vurdering**

Meland Ungdomsråd går gjennom søknadane i møte, og leverer uttale. I vurderinga av søknadane skal det leggest vekt på faste tiltak som vert drivne heile året. Tiltak retta mot barn og unge vert prioritert og aktivitetar og tiltak går framfor drift.

**Konklusjon**

Tilskota er svært viktige for den omfattande frivillige innsatsen i kommunen og vil vere med å stimulere til positive kulturaktivitetar for innbyggjarane. Uttale frå Meland Ungdomsråd er i tråd med retningslinene for kulturmidlar.

**Framlegg til vedtak:**

Meland Ungdomsråd går gjennom søknadane og leverer uttale.

**Ungdomsrådet - 23/2016****UR - behandling:****UR - vedtak:**

"Meland Ungdomsråd ønskjer at Frekhaugmarka vel sin søknad om fjellsikring ved ballbinge vert auka med kr 5 000."